

## ***STYREPROTOKOLL***

Torsdag **18. september 2014** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Arne Gjerde.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær Rådhus, Berit Bjelland-rommet
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 15.30 – 16.55
<b>AV MEDLEMMENE MØTTE:</b>	<b>Arne Gjerde</b> (styreleiar) og <b>Torleif Lothe</b> (nestleiar) og <b>Norunn Byrknes</b> (styremedlem)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	Dagleg leiar <b>Toril Hallsjø</b> , med unnatak av sak 22/14
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>INNKALLING:</b>	Godkjent
<b>SAKLISTE:</b>	Godkjent

### **Følgjande saker blei handsama:**

#### **SAK 17/14 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 08.04.14**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**  
Protokoll frå styremøte 08.04.14 blir godkjent.

**Styrehandsaming 18.09.14:**  
Styret hadde ingen merknader til innhaldet i protokollen.

**Samrøystes vedtak 18.09.14:**

*Protokoll frå styremøte 08.04.14 blir godkjent.*

#### **SAK 18/14 – REFERATSAKER 18.09.14**

11. Protokoll frå representantskapsmøte 28.04.13
12. Godkjent årsrekneskap 2013 frå Brønnøysundregistra
13. Brev til eigarane om overordna strategiplan
14. Brev til eigarane om valnemnd for HKS IKS
15. KS Bedrift om eige hovudtariffavtale «Bedriftsavtalen»

**Styrehandsaming 18.09.14:**

Styreleiar og dagleg leiar orienterte. Styreleiar ønske seg eit eksemplar av tariffavtalen og det blei etterkomma.

**Samrøystes vedtak 18.09.14:**

*Styret tar referatsakene 11 - 15 blir tatt til orientering.*

**SAK 19/14 – STATUSOVERSIKT PR. SEPTEMBER 2014**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Statusoversikt pr. september 2014 blir tatt til orientering.

**Styrehandsaming 18.09.14:**

Dagleg leiar informerte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planer. Ny budsjett rapport blei delt ut i møtet. Dagleg leiar meinte at økonomien var under kontroll. Styret hadde ingen spesielle merknader.

**Samrøystes vedtak 18.09.14:**

*Statusoversikt pr. september 2014 blir tatt til orientering.*

**SAK 20/14 – ETISKE RETNINGSLINJER FOR HKS IKS**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Styret godkjenner vedlagte «Etiske retningslinjer for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS» slik det ligg føre / med følgjande tillegg/ endringar ...

**Styrehandsaming 18.09.14:**

Dagleg leiar orienterte for bakgrunn for saka. Norunn Byrknes stilte spørsmål om «brukernes sikkerhet» burde vore bytta ut med orda «liv og helse» i siste setning under punkt 7 om Plikt og rett til å varsle. Styret blei samd i å stryke heile setninga, då dei meinte at den ikkje var aktuell og setninga føre var dekkande. Styret slutta seg elles til retningslinjene.

**Samrøystes vedtak 18.09.14:**

*Styret godkjenner vedlagte «Etiske retningslinjer for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS» med følgjande endring: Punkt 7 siste setning vert strøke.*

**SAK 21/14 – EVALUERING AV STYREARBEIDET I SELSKAPET -  
GODKJENNING AV SKJEMA**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Styret godkjenner vedlagt skjema for evaluering av styrearbeidet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, slik det ligg føre / med følgjande tillegg/ endringar ...

**Styrehandsaming 18.09.14:**

Dagleg leiar orienterte. Styret var nøgd med utforminga på skjema. Styret blei samd i møtast i forkant av neste møte, der dei ville gå igjennom skjemaet. Resultata vert så drøfta i styremøtet.

Styret ønskte også at medlemmane i kontrollutvala, revisjonsfirma og kommuneleiinga evaluerte selskapet/sekretariatet. Dagleg leiar viste til planlagt evaluering til våren for heile perioden, kor sekretariat sitt arbeid også vil bli tatt med.

Styret ønskte at denne blei knytte opp mot måla i vedtatt strategiplan og som påstandar målt frå 1 til 6 slik styret si evaluering. Vidare ønskte dei å gå igjennom desse i fyrste møte på nyåret.

**Samrøystes vedtak 18.09.14:**

*Styret godkjenner vedlagt skjema for evaluering av styrearbeidet i Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS slik det ligg føre.*

*Dagleg leiar legg fram for styret nytt skjema for evaluering av sekretariatet på nyåret 2015.*

**SAK 22/14 – LØNNSFORHANDLINGAR 2014**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Styret gjer styreleiar og nestleiar fullmakt til å forhandle om ny løn til dei tilsette frå 01.05.14 i eige forhandlingsmøte (innan ei fastsett ramme).

**Styrehandsaming 18.09.14:**

Dagleg leiar gjekk frå møtet under handsaming av saka. Styret drøfta saka og framlegg til dato. Styreleiar opplyste at han var bortreist veke 40, slik at frist 01.10 ville måtte bli overskriden.

**Samrøystes vedtak 18.09.14:**

*Styret gjer styreleiar og nestleiar fullmakt til å forhandle om ny løn til dei tilsette frå 01.05.14 i eige forhandlingsmøte.*

*Forhandlingane skjer 8. eller 9. oktober kl. 14.00 eller evt. ein annan dato som vil passe for arbeidstakarane sin forhandlar.*

**EVENTUELT**

Neste møte

I følge vedtatt møteplan er neste styremøte sett til **tysdag 18. november kl. 16.00**. Styret møter kl. 15.30 for å gjennomgå evalueringsskjema.

Aksdal, 18. september 2014

Arne Gjerde  
Styreleiar

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar